



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

3/2007

Desember • Årgang 14



Rett frå dunken

Ruteendringar i jula

Både i Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio kommunar vert det ruteendringar for bosbilen i jula. Årsaka er at tømmedagen fell på ein rørleg heilagdag. Ny tømmedag går fram av tømmekalenderen for 2007. Tømmekalenderen kan lastast ned frå www.sim.as. Merk at enkelte ruter vert køyrde før vanleg tømmedag.



Tømmekalender 2008

Tømmekalenderen for 2008 kjem i posten i løpet av ei veke. Ta vare på den. Kalenderen viser kor tid det er tømning av rest, bio og papir, og kva som skjer når tømmedagen fell på ein rørleg heilagdag. Kontakt SIM, tlf. 53 45 78 50, dersom du ikkje har fått kalenderen før årsskiftet. Kalenderen kan også lastast ned frå www.sim.as



Slik får du plastsekker:

Kontakt SIM på tlf. 53 45 78 50, eller besøk ein av våre miljøsentralar, for å få storesekker til å samla emballasjeplast i.

- Alle som ynskjer det, kan få slike storesekker til å samla emballasjeplasten i, fortel kundehansamar Sissel Lønning. Kva som kan puttast oppi, går fram av påskrift på sekkene.

Mellombels løysing for plast

Inntil ei permanent innsamlingsordning er på plass, tilbyr SIM privatpersonar å levera emballasjeplast gratis på miljøsentralane.

- Dei som ynskjer å sortera ut emballasjeplast, kan få sekker til å samla plasten i. Sekkene kan leverast kostnadsfritt på ein av våre miljøsentralar, fortel dagleg leiar Terje Gilje i SIM.

Abonnentane må med andre ord bringa plasten til miljøsentralen. SIM arbeider med å få til ei innsamlingsordning, men har enno ikkje funne rette måten å gjera det på. Eitt alternativ er å henta

plasten i lag med papiret; på same bosbil, men i egne sekker. Faren er at komprimatoren i bosbilen kan koma til å øydeleggja sekkene, slik at plasten får blanda seg med papiret.

- Dermed vil papirkvaliteten bli så dårleg at me ikkje får levert papiret til retur. Og då er me like langt, fortel Gilje.

Eit anna alternativ er å køyra eiga innsamlingsrute for plast, men det vil bli ei dyr løysing. Inntil vidare kan folk altså levera all emballasjeplast kostnadsfritt på miljøsentralane.



Framleis refleksar å få

SIM minner om at det framleis er råd å få refleksar til å klistra på bosdunkane. Refleksane er meint å gjera dunkane lett synlege i mørkret, og å motverka at dei skaper trafikkfarlege situasjonar på tømme-staden. Refleksane kan fåast på SIM sine miljøsentralar, eller tingast på e-postadressa sim@sim.as.

Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband er restavfall og skal kastast i restavfallsdunken. Gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan gjenvinnast til nytt papir.

Ekstrasekk for julebøst

I jula har det lett for å hoppa seg opp med bost. Det kan vera lurt å sikra seg nokre ekstrasekker på førehand. Dei får du kjøpt på miljøsentralen eller på kommunehuset for kr 40 per stk. Sekkene kan setjast fram den dagen det er tømning av restavfall hos deg.



Unngå at bio'en frysa

Dersom bioavfall får frysa fast i botnen på dunken, kan det vera vanskeleg å tømme den. For å motverka dette kan det vera lurt å leggja strø eller eggkartong nedst i dunken.

Slamtømming i Stord

SIM startar slamtømming i Stord kommune i veke 50/07. Tømminga gjeld for heilårshus (ikkje hytter) og held fram til og med veke 13/08. Abonentar som har slamtank får tilsendt eige blad som viser framdriftsplan og annan informasjon knytt til det å ha slamtank.



Første steget mot mi



Anita Mundal og Roar Lauritzen kvittar seg med avfall på miljøsentralen i Svartasmoget. Om nokre år kan det stå ferdig ein ny, moderne miljøsentral i Stord kommune.

SIM ber Stord kommune om hjelp til å finna tomt. Dermed har avfallsselskapet teke første steget mot ein miljøsentral (gjenvinningsstasjon) i Stord.

- Det kan ta fem til 10 år før sentralen er på plass, men den kjem, seier dagleg leiar Terje Gilje i SIM.

Trafikkauken tilseier at det ikkje er nokon veg utanom. Bruken av SIM sine seks

miljøsentralar har auka med 15 % kvart år dei siste åra. Miljøsentralen i Svartasmoget, som er felles for Stord og Fitjar, er snart for liten.

Mange brukarar har lenge ynskt seg miljøsentral på Stord, og i novembermøtet vedtok SIM-styret å setja prosessen i gang. Tradisjonelt har vertskommunen stilt gratis tomt til rådvelde for miljøsentralane. SIM ynskjer seg eit område som er sentralt plassert, aller helst nær Heiane. Ein moderne

ljøsentral på Stord



miljøsentral krev stor plass, og prisen vert truleg 30 millionar kroner, kanskje meir.

Utbetrar på Bømlo

Også på miljøsentralen i Hollundsdaalen på Bømlo er det trangt. Styret har bede SIM-leiinga byggja om eller gjera andre tilpasningar som kan betra tilhøva.

Svartasmoget laurdagsope i vinter

Miljøsentralen i Svartasmoget, Fitjar, held ope annankvar laurdag (partalsveker) i vinter. Miljøsentralane i Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Sveio og Tysnes vil vera laurdagsstengde fram til 1. april 2008. Sjå tømme kalenderen eller baksida av dette bladet for å finna ut kva for vekedagar miljøsentralane er opne.

Raud boks for farleg avfall

Farleg avfall samlar du opp i den raude plastdunken som alle abonnentar har fått utdelt. Avfallet leverer du til miljøsentralen, og det er gratis for privatpersonar å levera. Kontakt SIM dersom du ikkje lenger har den raude plastboksen, så får du ny.



Visste du at ...

- ... det kan ta opptil seks veker før du får ny bosdunk etter at du har meldt frå om at den gamle er øydelagd? SIM køyrer "oppsamlingsheat" med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar sjette veke.
- ... bosdunken må vera plassert på tømme staden til kl. 06.00 for at du skal ha rett på tømning?
- ... det er abonnenten sitt ansvar å dra dunken heim etter tømning?
- ... det ikkje er lov å plassera bosdunken slik at den er til fare for vegfarande?
- ... bosdunken skal plasserast ved veg og ikkje i veg?
- ... heimekompostering krev avtale med kommunen/SIM? Før du kan få avtale må du ha gjennomgått eit kort brevkurs. Kontakt SIM for påmelding.
- ... SIM gir 600 kroner i tilskot til foreldre som vel tøybleier til borna i staden for papirbleier?



Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Hugs å brøyta og strø

SIM ber om at private vegar vert måka og strødd ved snøfall og frost, slik at bosilane kan køyra trygt.

- Skal me kunna gjera jobben vår, må vegane vera køyrbare. Også snuplassar må måkast og strøast, minner transportsjef Oddgeir Selle i SIM Transport AS om.

Det er eigar/bruksrettsinnehavar av privat veg som har ansvar for vedlikehald av vegbanen, grøfter og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti.

Sjåføren kan la vera å køyra strekninga dersom han meiner vegbanen er for glatt, eller han meiner vegvedlikehaldet er så dårleg at det kan oppstå fare for personar eller utstyr.

- Det finst nokre få stader der me veit at me uansett ikkje kan køyra når det er glatt. Her får abonnentane utdelt ekstrasekker som dei kan setja fram på neste tømmedag, seier Oddgeir Selle.



Vegane må vera brøytt og strødd skal Kåre Røen og dei andre SIM-sjåførane kunna henta boset på dagar med vinterføre.



Opningstider miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00.

Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00 – 14.00.
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.
30. september kl. 08.00–18.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget, N-5419 Fitjar
telefon: 53 45 78 50
telefaks: 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

SIM